



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådhuset
Dato: 23.04.2026
Tid: Kl. 10:00 - 15:15

Følgjande medlem møtte

Anne Kristin Førde

Nils Jørgen Sagebø

Jorunn Petrine Frøyen

Magne Ivar Kjerpeset

Evy Merete Myklebust

Svein Olav Senneset

Kjell Sørland

Parti

AP

AP

H

SP

V

V

VIP

Andre som møtte:

Anita Solberg

Gro Bakke Abildsnes

Hilde Jenssen Midtbø

Karl Vidar Førde

Randi Ytrehus

Tom Joensen

Vilde Senneset

Møtenotater:

Orientering:

Synfaring:

Underskrifter:

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	
032/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
033/26	Godkjenning av møteprotokoll	
035/26	Drøftingssak	
005/26	Drøftingssak kommunale bustadtomter	
034/26	Orienteringssaker	
036/26	Referatsaker	
037/26	Godkjenning av prosjektmandat - Forprosjekt - Svelgen oppvekst	
038/26	Guleslettene vindkraftverk - fortetting og mindre utviding - Handsaming av melding med forslag til plan- og utredningsprogram før offentlig høyring	
039/26	Søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for bygging av Bredvatn kraftverk	
040/26	Tildeling miljøtilskot 2026	
041/26	Deling av naustområde på Frøyalandet, gbn 3/13, klage på avslag	
042/26	Nye barnehagevedtekter	
043/26	Spelemidler kulturbygg 2026	
044/26	Søknad om støtte frå næringsfondet - Davik Fjordparadis AS	Ikkje offentlig
045/26	Søknad om støtte frå næringsfondet - Værø Kystfiske	Ikkje offentlig

032/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Formannskapet den 23.04.26 vert godkjende slik dei ligg føre.

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

Sak 039/26 Søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for bygging av Bredvatn kraftverk vart trekt.

Ein av partane i saka har ikkje motteke informasjon og nabovarsel og har såleis ikkje hatt moglegheit til å sende inn merknad i saka.

FSK- 032/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Formannskapet den 23.04.26 vart godkjende slik dei låg føre, med den endring at sak 039/26 vart trekt.

033/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll for Formannskapet den 12.03 og 07.04. 26 vart godkjend og skriven under slik den ligg føre.

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

FSK- 033/26 Vedtak:

Samrøytes vedtak:

Møteprotokoll for Formannskapet den 12.03 og 07.04. 26 vart godkjend og skriven under slik den låg føre.

035/26: Drøftingssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Drøftingssak vert teke til vitande.

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

Kommunale bustadprisar – presentasjon vert lagt inn i saka

Kommunalsjef Karl Vidar Førde la fram ei oversikt over alle tomtene i alle aktuelle bygder

- Krav til dei som kjøper tomter er at det skal byggjemeldast innan eit år
- Det er trong for gjennomgangsbustader i kommunen
- Kan det vere løysing med mikrohus ?
- Det vart drøfta minstepris for tomter med og utan infrastruktur
- Administrasjonen får fullmakt til å jobbe vidare med saka etter drøftingane i saka.
- Ein skal nytte meklar til sal.

FSK- 035/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Drøftingssak vert teke til vitande. Administrasjonen får fullmakt til å jobbe vidare med saka etter drøftingane i saka.

005/26: Drøftingssak kommunale bustadtomter

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

FSK- 005/26 Vedtak:

034/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

Skyss ved Karl Inge Nygård og Christian Vig:

- Har vore mange innstilte avgangar på ferjestrekninga Isane -Stårheim
- Krevjande sjøområde både når det gjeld straum og vind
- Ny kontrakt inngått med Fjord1, kjem hybridferje på strekninga
- Det har vert utfordringar med materiellet
- Det skal installerast ladeinfrastruktur
- Ferja vert liggande på Isane om natta
- Formannskapet ber om at ein ser på parkeringstilhøva på Isane og Oldeide, dette er det Fylkeskommunen som må sjå på.
- Formannskapet ynskjer at det skal vere ein seinare avgang frå Stårheim, det er for tidleg at siste ferja går kl 22.30.

Kommunalsjef Randi Ytrehus, temaplan for vaksne:

- Planen skal vere ferdig til sommaren 2027
- No er det dei ulike sektorane som skal komme med merknad til planen
- Planen er på tvers av alle fagområde i kommunen
- Ordførar stilte spørsmål om krigsveteranane er tenkt inn som ein del av planen. Dette har ein ikkje teke stilling til. Mogleg at nokon får i oppdrag å lage eigen plan for veteranane.

Kommunedirektør Tom Joensen, symjebasseng Hauge:

- Det skal gjerast ein fullstendig gjennomgang for å få kartlagt behova. Eksternt firma vert nytta.
- Det skal søkjast om spelemidlar til rehabiliteringa.
- Betongsituasjonen er usikker og må undersøkjast.
- Svein Olav Senneset, V meiner at ein må få løypemelding undervegs dersom det ikkje er mogeleg å få fram alle fakta innan tida som kommunestyret har vedteke, det er fyrste kvartal i år.

Det vart opna for fleire spørsmål i saka:

Formannskapet ynskja å få informasjon om ladestasjon situasjonen i kommunen.
Kommunalsjef Karl Vidar Førde informerte:

- Kjem stasjon på Iglandsvik i nærleiken av Farmen – har fått tilskot
- Kjem stasjon i Kalvåg i nærleiken av oppvekstsenteret – har fått tilskot
- Kjem stasjon på Davik i nærleiken av butikken, samarbeid med Davik Fjordparadis – ikkje fått tilskot, men skal søkje på nytt
- Det er meldt inn til Linja, ventar på tiltak som dei må gjere.
- Må inngåast driftsavtalar

Digitale turistvert:

- Skal plasserast ut tre vertar: I Svelgen ved rådhus, i Kalvåg Galleri Torsheim og i Bremanger ved Farmen

Studenthub :

- Innbyggjarane etterspør studenthub i Svelgen
- Ønskeleg at det ligg i tilknytning til eit fellesareal der ein kan møtast
- Administrasjonen må sjå på dette

FSK- 034/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

036/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande.

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

FSK- 036/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande.

037/26: Godkjenning av prosjektmandat - Forprosjekt - Svelgen oppvekst

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektmandat, forprosjekt – Svelgen oppvekst, vert godkjend slik det ligg føre.

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

Forprosjekt Svelgen oppvekst.

- Formannskapet ber om at ein endrar pkt. 2.2 i Prosjektmandatet slik at det samsvarar med vedtak i kommunestyret.
- Ein må ha fokus på anbodsprosessen slik at det ikkje vert grunnlag for klager
- Om mogeleg bør ein nytt lokale verksemdar
- Må ikkje vere for detaljert, må vere opne for gode løysingar

FSK- 037/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Prosjektmandat, forprosjekt – Svelgen oppvekst, vert godkjend slik det ligg føre.

038/26: Guleslettene vindkraftverk - fortetting og mindre utviding - Handsaming av melding med forslag til plan- og utredningsprogram før offentleg høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan- og utredningsprogram for Guleslettene vindkraftverk – fortetting og mindre utviding kan leggjast ut til offentleg høyring og ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova §4-1.

Kommunen ber om at det vert lagt til plan- og utredningsprogrammet at det skal konsekvensutgreiast eit alternativ med berre fortetting innanfor eksisterande konsesjonsgjeve område jf. pkt. 3.3.5 og 5.1.3, i tillegg til hovudalternativet med fortetting og mindre utviding.

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

Ordførar orienterte i saka.

- Det vart stilt spørsmål om kva konsekvensar pkt. to i framlegg til vedtaket har. Dette må svarast ut av Eviny
- Kommunen er gjort oppmerksom på at ein mindre feil knytt til oppføring av tiltakshavar i kapittel 1.4 i plan- og utredningsprogram. Tiltakshavar skal korrigerast fra Guleslettene vindpark AS til Guleslettene vindkraft AS.

Dette vert retta før planen vert sendt ut.

FSK- 038/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak :

Plan- og utredningsprogram for Guleslettene vindkraftverk – fortetting og mindre utviding kan leggjast ut til offentlig høyring og ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova §4-1.

Kommunen ber om at det vert lagt til plan- og utredningsprogrammet at det skal konsekvensutgreiast eit alternativ med berre fortetting innanfor eksisterande konsesjonsgjeve område jf. pkt. 3.3.5 og 5.1.3, i tillegg til hovudalternativet med fortetting og mindre utviding.

039/26: Søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for bygging av Bredvatn kraftverk

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

SFE får dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen etter plan- og bygningslova §§19-2 og 3 for etablering av omsøkte tiltak i samband med bygging av Bredvatn kraftverk. Dette omfattar:

- Dispensasjon frå LNF-føremålet i plan og byggjegrensa langs vassdrag for etablering av magasin med dam og lukehus og helikopterlandingsplass ved Øvre Bredvatn.
- Dispensasjon frå planføremålet BN70, framtidig industriområde, og føremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» (V) for etablering av sjøfylling utanfor gardsnr. 117 bruksnr. 19.
- Mellombels dispensasjon frå LNF-føremålet for etablering av bustadrigg på gardsnr. 117 bruksnr. 1 fram til 01.01.2032.
- Mellombels dispensasjon frå LNF-føremålet for etablering av riggplass og mellombels veg frå dam til tverrslogstunnel fram til 01.01.2032.

Når den mellombelse dispensasjonen er utgått skal veg og tunnelmassar ved Øvre Bredvatn vere fjerna slik at inngrepet ikkje lenger er synleg, og areal for bustadrigg på gardsnr. 117 bruksnr. 1 skal tilbakeførast til opprinneleg terreng.

Dispensasjonen er gjeve under følgjande vilkår:

- Detaljplanen for utbygginga skal sikre god terreng- og landskapstilpassing av tiltaka, og at det vert gjort nødvendige avbøtande tiltak for å redusere ulemper i anleggsperioden.
- Omfanget av sjødeponiet skal avgrensast til det som er absolutt nødvendig, og

overskotsmassar skal i størst mulig grad brukast til samfunnsnyttige føremål.

Grunngjeving for dispensasjonen og vurdering etter naturmangfaldlova går fram av saksutgreiinga under.

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

Saka vart trekt.

FSK- 039/26 Vedtak:

040/26: Tildeling miljøtilskot 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prioriteringslista for tildeling av miljøtilskot for ordningane SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket), drenering og tilskot til tiltak i beiteområde vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

Vilde Senneset informerte i saka

- Kommunen har motteke 36 søknadar, dette er ein auke
- Kommunen har fått 255 000 kr i tilskot til vidareformidling
- Det vart informert om kriteria for dei ulike ordningane
- Når det gjeld SMIL søknadar får dei tilskot som er 47% av kostnadane
- Det vert sendt førespurnad til Statsforvaltar om ekstramidlar

FSK- 040/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Prioriteringslista for tildeling av miljøtilskot for ordningane SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket), drenering og tilskot til tiltak i beiteområde vert godkjent slik den ligg føre med presisering om at ni søkjarar av SMIL får innvilga tilskot på 47% av godkjend søknad.

041/26: Deling av naustområde på Frøyalandet, gbn 3/13, klage på avslag

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Klage på vedtak i sak om deling av gbn 3/13 blir ikkje teken til følge. Kommunen held på delegert vedtak om avslag, datert 16.02.2026.

Saka går til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

Eigar av egedomen skal tilskrivast med oppmoding om å selje egedomen.

FSK- 041/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Klage på vedtak i sak om deling av gbn 3/13 blir ikkje teken til følge. Kommunen held på delegert vedtak om avslag, datert 16.02.2026.

Saka går til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

042/26: Nye barnehagevedtekter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak: Barnehagevedtektene vert vedtekne slik dei ligg føre

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

- Det er ikkje kome merknader etter høyring

FSK- 042/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak: Barnehagevedtektene vert vedtekne slik dei ligg føre

043/26: Spelemidlar kulturbygg 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prioritering av spelemidlar til kulturbygg 2026:

Prioritering	Søkjar	Anlegg - tiltak	Totalkostnad	Søknadssum
Kulturbygg				
1	Kulturhuset Heimen	Oppgradering av brannsikringa for bygget i høve krav og forskrifter: nytt brannkonsept, brannceller trappeoppgang, innstallering av brannalarmanlegg, jfr dokRehabilitering av fasade og isolasjon. Ny kledning og etterisolasjon. jfr vedlagt dokLegging av nytt tak på bygget. Det som ligg no er det originale frå 1920,med ein del lekkasjar og roteskader. Det er også fare for nedfall av skiferstein som kan vere farleg for folk og køyretøy,jfr vedlagt dok	3 146 550,-	1 013 000,-
2	Dalen grendalag	Bytte av tak på grendahus	575 204,-	190 000,-
3	Realen	Bruksendring, krav brann og sikkerhet, universell utforming Rehabilitering fasade, vinduer, dører Toalett dusj fasiliteter Trappefri tilkomst	1 642 885 ,-	547 600,-

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

Kommunen har motteke ein fjerde søknad etter søknadsfristen, den vert handsama då søkjar hadde fått oppgjewe feil søknadsfrist for innsending av søknad.

Dette gjeld Vidsyn i Bremanger, søkjar er Havdur Ungdomslag.

FSK- 043/26 Vedtak:
Samrøystast vedtak:
Prioritering av spelemidlar til kulturbygg 2026:

Prioritering	Søkjar	Anlegg - tiltak	Totalkostnad	Søknadssum
Kulturbygg				
1	Kulturhuset Heimen	Oppgradering av brannsikringa for bygget i høve krav og forskrifter: nytt brannkonsept, brannceller trappeoppgang, innstallering av brannalarmanlegg, jfr dokRehabilitering av fasade og isolasjon. Ny kledning og etterisolasjon. jfr vedlagt dokLegging av nytt tak på bygget. Det som ligg no er det originale frå 1920,med ein del lekkasjar og roteskader. Det er også fare for nedfall av skiferstein som kan vere farleg for folk og køyretøy,jfr vedlagt dok	3 146 550,-	1 013 000,-
2	Dalen grendalag	Bytte av tak på grendahus	575 204,-	190 000,-
3	Realen	Bruksendring, krav brann og sikkerhet, universell utforming Rehabilitering fasade, vinduer, dører Toalett dusj fasiliteter Trappefri tilkomst	1 642 885 ,-	547 600,-
4.	Vidsyn	Nybygg/tilbygg av toalett og ny inngong for personar med nedsett funksjonsevne. Renovere veg til køyrbar gangveg/tilkomst. Røyr frå toalett til septiktank.	2 843 527,-	938 000,-

--	--	--	--	--

044/26: Søknad om støtte frå næringsfondet - Davik Fjordparadis AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Davik Fjordparadis AS vert kjeve kr. 33.000,- i tilskot i samband med kjøp og installasjon av badstu ved bubil og campingplassen på Davik.
2. Belastning kto. 251 5032 Næringsfond

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

FSK- 044/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. Davik Fjordparadis AS vert kjeve kr. 33.000,- i tilskot i samband med kjøp og installasjon av badstu ved bubil og campingplassen på Davik.
2. Belastning kto. 251 5032 Næringsfond

045/26: Søknad om støtte frå næringsfondet - Værø Kystfiske

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Værø Kystfiske v/Roy Værø vert gjeve kr. 200 000,- i ansvarleg lån i samband med kjøp av ny sjark.
2. Belastning kto. 251 5032 næringsfond.

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

FSK- 045/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. Værø Kystfiske v/Roy Værø vert gjeve kr. 200 000,- i ansvarleg lån i samband med kjøp av ny sjark.
2. Belastning kto. 251 5032 næringsfond.

